

# SELSKAPSAVTALE FOR THEIGEDOM IKS

## § 1 Selskapet

Theigedom IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.

Selskapet har følgjande deltakarar:

- Vestland fylkeskommune
- Gloppen kommune

## § 2 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor skal vere i Gloppen kommune.

## § 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eige og drive bygga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Omfanget av drifta vert regulert i egne avtalar.

## § 4 Innskotsplikt

Deltakarane har gjort innskot i selskapet i kontante midlar i samsvar med tidlegare selskapsavtala(r). Deltakarane har ikkje plikt til å gjere ytterlegare innskot eller føreta andre ytingar overfor selskapet.

Deltakarane er samde om at bygningsmassen som går inn i selskapets drift og ansvar (Trivselshagen bad & idrett og Trivselshagen skule & kultur) vert eigd av selskapet.

I tillegg til kontantinnskotet har fylkeskommunen overført Firdahallen til selskapet. Bygningsmassen til selskapet strekkjer seg over fleire ulike eigedomar som deltakarane eig/disponerer. Selskapet skal inngå festeavtalar til grunn bygningane står på. Selskapet skal ikkje betale festeavgift.

## § 5 Eigardel og ansvarsdel

Deltakarane sin eigardel er slik:

- |                           |      |
|---------------------------|------|
| • Vestland fylkeskommune: | 50 % |
| • Gloppen kommune         | 50 % |

Deltakarane sin ansvarsdel er lik eigardel.

## § 6 Driftskostnader og driftsinntekter

Det skal inngåast avtalar mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordeling av årlege driftskostnader, dvs. kapitalkostnader, drift, vedlikehald m.v. i samsvar med årleg bruksomfang og innanfor opningstid.

Lov om rekneskap ligg til grunn for rekneskapsføringa i selskapet. Eventuelle arrangement og framleige ut over ordinær opningstid eller ordinær bruk skal avtalast særskilt. Selskapet skal ikkje bære ekstra kostnader for slike arrangement.

## **§ 7 Representantskapet**

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og skal ha fire medlemmer med personlege varamedlemmer.

Gloppen kommune ved kommunestyret vel to medlemmer og fylkeskommunen ved fylkestinget vel to medlemmer. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar slik at leiarskapen skiftar kvart andre år mellom eigarane. Den eigaren som ikkje har leiarvervet, har vervet som nestleiar både i representantskapet og styret, jf § 10.

Valet følgjer den kommunale valperioden.

## **§ 8 Møte i representantskapet**

Ordinære representantskapsmøte skal haldast innan 1. mai. (vårmøte) og 1. oktober (haustmøte), og skal behandle:

Vårmøte:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val til styret
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Val av revisor

Hauptmøte:

- Budsjet
- Økonomiplan

I tillegg til ovannemnde kan det på representantskapsmøta behandlast følgjande saker:

- Andre saker som styret ynskjer å legge fram for representantskapet
- Andre saker som etter lov om interkommunale selskap skal avgjerast av representantskapet

Utskrift av møtebok i representantskapet skal sendast deltakarane.

## **§ 9 Valkomité**

*Samansetnad og val*

Selskapet skal ha ein valkomité som består av to medlemmar. Representantskapet vel ein leiar og ein medlem til valkomiteen, og fastset komiteens eventuelle godtgjersle. Valkomiteen vert valt for to år om

gongen.

#### *Ansvar*

Valkomiteen har ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngeven innstilling til val av styremedlemmer og kva rollar desse bør ha. Valkomiteen skal normalt også munnleg gjera greie for si innstilling i møte i representantskapet der val av styremedlemmer skal skje. Representantskapet kan fastsetja ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen.

## **§ 10 Styret**

#### *Ansvar*

Forvaltninga av selskapet høyrer inn under styret, som har ansvaret for ein tilfredstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer som vert fastsett av representantskapet. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leing av verksemda.

#### *Samansetnad og val*

Styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret med leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Kvar av eigarane skal peike ut to styremedlemmer med vara. Representantskapet skal peike ut ein ekstern styreleiar utan tilknytning til eigarane.

Styreleiar og nestleiar skal veljast annakvart år etter framlegg frå valkomiteen. Fylkeskommunen skal ha nestleiar i dei periodar kommunen har leiar i representantskapet, jf §7. Og tilsvarande når fylkeskommunen har leiar i representantskapet.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret. Eventuell godtgjering til styremedlem og deira varamedlem vert fastset av representantskapet og utbetalt frå selskapet.

#### *Representasjon*

Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å teikne selskapet, eller gjere vedtak om at slik teikningsrett må utøvast i fellesskap av dei som får teikningsretten.

## **§ 11 Dagleg leiar**

Selskapet skal ha dagleg leiar som skal tilsetjast av styret. Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga og drifta av selskapet, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gjev.

## **§ 12 Låneopptak**

Selskapet kan ta opp lån til kapitalformål med ei samla råde på 125,5 million kroner ved vedtak av representantskapet. Endring av denne råde krev vedtak av deltakarane. Departementet skal godkjenne låneopptaket.

## **§ 13 Utgang**

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst

av selskapet. Utgang kan berre skje pr. 31.12 og tidlegast eit år etter det skriftlege varselet.

Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot. Selskapet skal seinast betala utløysingssummen innan 1 år etter utgangen.

#### **§ 14 Tilhøve til Lov om interkommunale selskap**

I tillegg til selskapsavtalen gjeld den til ei kvar tid gjeldene lovgjeving om interkommunale selskap.

#### **§ 15 Ikrafttreding**

Selskapsavtalen trer i kraft når den er vedteken av alle eigarane.

\*\*\*